

BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

TIL: SF revisjon IKS

FRÅ: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Prosjektnamn

Forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS

Bakgrunn

Bakgrunnen for bestillinga av denne forvaltningsrevisjonen er fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 4/14 – Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 – revidert plan, som var slik:

1. Revidert plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken som framlagd med slike endringar:
 - a. I tillegg til prosjekta i planen skal det gjennomførast ein forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS i løpet av 2014. Kontrollutvalet får mynde til å definere innhald og kontrollpunkt i revisjonen.
 - b. Forvaltningsrevisjon av PP tenesta (uprioritert prosjekt) vert flytta fram på plass nr 5. Dei andre prosjekta vert flytta nedover på lista.

Formål

Det vart gjennomført eigarskapskontroll av F1 Holding AS 2013. Fylkestinget vedtok følgjande i handsaminga av rapporten etter den gjennomførde eigarskapskontrollen:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført eigarskapkontroll av F1 Holding AS/Fjord1 AS til etterretning
2. Fylkestinget ber F1 Holding AS gjennomføre tiltak for å etterkome tilrådingane som gjeld F1 Holding AS i rapporten frå SF revisjon IKS, og melde tilbake til kontrollutvalet når oppfølginga er utført.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltak for å etterkome tilrådingane som gjeld Sogn og Fjordane fylkeskommune i rapporten frå SF revisjon IKS, og melde tilbake til kontrollutvalet når oppfølginga er utført.
4. Fylkeskommunen si eigarmelding gjev tilstrekkeleg signal om fylkestinget sine krav og forventningar til Fjord1 og F1 Holding AS.

Tilrådingane i punkt 2 i fylkestinget sitt vedtak er desse:

- Styret bør få etablert rutinar slik at formalia ved tilsetting av dagleg leiar skjer i samsvar med aksjelova.
- Styret bør få utarbeida rutinar knytt til eigarane sine strategiske forventningar og krav til Fjord1 AS
- Styret bør, i samråd med Fjord1 AS, få utarbeida formelle rutinar i samsvar med lover og regler knytt til kommunikasjon, informasjon og dialog mellom F1 Holding AS og dotterselskapet Fjord1 AS.

Tilrådingane i punkt 3 i fylkestinget sitt vedtak er desse:

- Vi tilrår i tillegg at Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeider skriftlege rutinar knytt til fylkeskommunen sine strategiske forventningar og krav til F1 Holding AS
- Vi vil avslutningsvis tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune set av nok ressursar til opplæring av dei folkevalde for å gje dei ei større bevisstheit om rollar, ansvar og styringslinjer i dei forskjellige verva dei kan bli vald inn i, som t.d som representant for fylkeskommunen som eigar, eller som styremedlem som er eit personleg og frivillig verv.

Det kjem fram i fylkestinget si handsaming av revidert plan for forvaltningsrevisjon at det er ynskjeleg at kontrollutvalet vil sjå på dei interne tilhøva i F1 Holding sett opp mot aksjelova. Vidare bør det sjåast på korleis selskapet følgjer opp strategiske eigarskapsvedtak som blir fatta i fylkeskommunen. Tema kan også vere å sjå på korleis vi forvaltar selskapet og korleis selskapet forvaltar på vegne av fylkespolitikarane. Ein bør også gå inn å sjå på korleis kommunikasjonen mellom holdingselskapet og fylkestingspolitikarane er i høve til relevante lovverk og vedtekter.

Forslag til problemstillingar

1. Følgjer F1 Holding AS opp fylkeskommunen sine krav og forventningar i fylkeskommunen si eigarmelding?
 - a. Har selskapet utarbeidd etiske retningslinjer i samsvar med pkt. 1.6.1 i eigarskapsmeldinga 2013?
2. I kva grad er det nedfelt interne arbeidsmetodar i F1 Holding AS?
 - a. Korleis er dei interne arbeidsmetodar i forhold til krava i aksjelova?
 - b. I kva grad vert dei interne arbeidsmetodane følgt?
3. Korleis er rolledelinga i selskapet sitt styre og eigarorgan definert?
 - a. I kva grad følgjer rolledelinga lover og regler?
4. I kva grad er kommunikasjonen mellom F1 Holding AS og fylkestingspolitikarane i tråd med selskapet sine vedtak og retningslinjer?
 - a. Er kommunikasjonen av ein formell karakter som er forventa av fylkespolitikarane?
 - b. Er informasjonen frå F1-holding til eigaren (fylkesutvalet) slik at eigaren har tilfredsstillande kompetanse til å utøve ein aktiv eigarpolitikk?
5. Er rutinar for tilsetting av dagleg leiar i selskapet på plass?
6. I kva grad er oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 47/13 gjennomførde?
7. I kva grad er interne tilhøve knytt til styret sine plikter og oppgåver ivaretekne sett opp mot krava i aksjelova (AL) § 6-12?
8. I kva grad er kommunikasjonen mellom F1 Holding og eigar rett journalført i F1 Holding og fylkeskommunen i høve til reglane i arkivlo og forskrift?

Revisjonskriterium

Aktuelle revisjonskriterium kan vere:

- Aksjelova
- Arkivlova med forskrift
- Offentleglova
- Sogn og Fjordane fylkeskommune si eigarmelding 2013
- KS sine anbefalinger for offentleg eigarskap
- Andre relevante lov- og regelverk

- Fylkeskommunen sine etiske retningslinjer

Revisor vert oppmoda om å få på plass revisjonskriteria. Endelege revisjonskriterium vert bestemt etter dialog mellom kontrollutvalet, sekretariatet og revisor.

Avgrensing og omfang av prosjektet

Prosjektet vert bestilt med føresetnad om at kostnadane for prosjektet er med i beløpet på kr. 1 561 500 som er avtalt mellom revisor og kontrollutvalet i bestillingsdokumentet datert 30.01.14.

Økonomisk ramme: Kontrollutvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd slik at den kan leggast fram for utvalet i møte 26. august.

Utvalet vil gjerne ha ferdigstilt prosjektet innan 3.11.2014 for handsaming i kontrollutvalet 25. 11.2014.

Stad:.....

Dato:.....

Arve Mjømen
Leiar i kontrollutvalet
Sogn og Fjordane fylkeskommune